



Pbl (private Barnehagers Landsforbund)  
Prinsens gate 91  
8003 BODØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2807 - 19/5738

Saksbehandlar:  
Per Inge Olsen  
per.inge.olsen@meland.kommune.no

13.03.2019

## Førebels orientering om Meland kommune sin handsaming av klage datert 19. des 2018 på vedtak om tilskotssats til private barnehager

Bakgrunn for saka.

Meland kommune gjorde vedtak om satsar til private barnehagar i kommunestyret sak 82/2018 den 12. des 2018. Rådmannen fremjer derfor oppdatert sak for kommunestyret for avgjerdsle, og kommunen kan difor ikkje svare på dykkar klage før saka er behandla der. Saka vil verte fremja for formannskapet på møte 24. april og til kommunestyremøtet 15. mai.

Rådmannen vil med dette orientere om status og dei vurderingar som så langt er gjort i saka, og kva som vert lagt til grunn i den politiske behandlingen av saka. Dersom de har merknader til rådmannen sitt framlegg slik de er spesifisert i denne orienteringa, imøteser vi desse innan 1. april 2019. Rådmanne kan då få vurdert slike merknader og eventuelt endre sin vurderingar og framlegg når saka vert fremja for politisk behandling som spesifisert over.

Meland kommune mottok klage frå PBL 19.12.2018.

Klagen gjeld vedtak om tilskot til private barnehagar: Blåklokka barnehage, Drømmehagen barnehage A/S, Espira Marthahaugen Barnehage, Leiketun barnehage A/S, Leirdalen barnehage SA, Læringsverkstedet AS avdeling Flatøy og Læringsverkstedet Maurtua A/S. Alle barnehagane er medlem at PBL. Pbl representerer barnehagane i klagesaka etter fullmakt.

Dokument i saka:

Klage på vedtak om tilskot til private barnehagar, datert 19.12.2018.

Vedlegg :

- 1.Kopi av brev frå UDIR til Fylkesmannen i Oslo og Akershud,datert 11.11.2013
- Kopi av uttalelse frå Sivilombodsmannen datert 19 juli 2016.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Lovgrunnlag: Barnehageloven §14 Kommunalt tilskudd til ikkje kommunale barnehagar, Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehagar, §14 a økonomiforskrift til barnehageloven og §9 «Vedtak om sats.

### **Utgreiing og drøfting**

Klagen inneheldt følgjande spørsmål frå PBL i høve Meland kommune sine berekningar for sats: (punktinndeling gjort av kommunen basert på teksten i klagen)

#### Punkt 1: Driftsutgifter og dokumentasjon (noe forkortet i forhold til teksten i klagen)

Dokumentasjonen av de totale driftsutgiftene, funksjon 201 og 221, skal inneholde alle arter og ansvar slik at det fremgår klart hva som tas med og også hva som holdes utenfor beregningen. Sivilombudsmannen har uttalt at en kan kreve innsyn i Excel-format.

Vi ber derfor Meland kommune om å oversende den komplette tilskuddsberegningen i Excel-format, hvor det også fremkommer dokumentasjon/rapporter som viser alt som er ført på funksjon 201 og 221 på arts- og ansvarsnivå.

#### Punkt 2: Diverse interne overføringer

Vi ser at kommunen trekker fra interne overføringer, konto 16900, på funksjon 201 med kr - 154.200. Hva gjelder dette?

#### Punkt 3: Flyktningemidler

I følge kostraveilederen skal utgifter og inntekter som gjelder styrket tilbud for barn i mottaksbarnehage for asylsøkere /flyktninger føres på funksjon 211. Vi ser at kommunen har med konto 16905 funksjon 201, flyktningemidler, kr -110.161 som fratrekki beregningen. Hvorfor mener kommunen det blir riktig å ha dette med som fratrekk?

#### Punkt 4: Refusjon redusert foreldrebetaling og søskenmoderasjon

Kommunen trekker fra konto 16906 funksjon 221 kr -46.956 i beregningen. Redusert foreldrebetaling eller søskenmoderasjon skal ikke være med å påvirke satsene til de private barnehagene. Vi ber derfor kommunen om å ta bort dette fradraget i beregningen.

#### Punkt 5: Overføring fra andre

Kommunen trekker fra konto 17700 funksjon 221 kr -61.258,69 i beregningen. Inntekter som går til å dekke ordinære driftsutgifter skal ikke trekkes fra. Hva gjelder dette?

#### Punkt 6: Bruk av bundne fond

Bruk av bundne fond, konto 19550 funksjon 221 kr -13.934,42, skal ikke være med i beregningen. Dette er ikke driftsinntekter, og skal derfor ikke tas med. De ordinære driftsutgiftene skal ikke påvirkes av hvilke interne finansieringskilder Meland kommune benytter. Legger ved presisering frå Utdanningsdirektoret

**Kommunen sin administrasjon har så langt vurdert punkta i klagen slik, som grunnlag for den vidare politiske behandlinga:**

**Vedr. punkt 1: Driftsutgifter og dokumentasjon (noe forkortet i forhold til teksten i klagen)**

Berekingen av tilskot til drift av dei private barnehagane er i utgangspunktet dokumentert med vedlagte bereking basert på rekneeksempel presentert på nettsida i UDIR. Detaljert utskrift av tilhørende rekneskapsinformasjon ligg vedlagt som egne faneblad i reknearket, med filnamn: «Bereking tilskotssatsar 2019 basert på rekneskape 2017 - korrigert».

Dokumentasjon av totale driftsutgifter på funksjon 201 og 221 følger også vedlagt i eget rekneark, med namn «Meland kommune rekneskap funksj 201+221 – 2017»

Kostnadsgrunnlaget hentes frå kombinasjonen funksjon 220 - ansvar 201 Marihøna Barnehage, funksjon 221 – ansvar 610 - Drift og vedlikehald kommunale bygg, og funksjon 221 – ansvar 610 - Reinhald og vaskeri (anbud). Netto sum inkl. inntekter som ikkje skal vere med i berekinga er kr 4.802.597,-. Summen inkluderer IKT-utgifter ført på andre ansvar og tenester med kr 25.922,-.

Merk at dei vedlagte reknearka er basert på at kommunestyret gjer vedtak i saka slik rådmannen gjer framlegg om (kommentert i punkta nedanfor)

**Vedr. punkt 2: Diverse interne overføringer**

Bokført kr 154.200,- på funksjon 201 – art 16900.

Beløpet gjeld støttemidlar til tiltak til born med særskilte behov. Inntekt er ført som motpost til kommunen sine lønsutgifter til dei aktuelle tiltaka.

Meland kommune legg til grunn Kostraveileder (for 2017 – side 94) sitt prinsipp for interne overføringer når vi fører slike interne postar som det her er snakk om, i stadenfor å flytte dei aktuelle lønskostnadane til anna ansvarsområde der støttemidlar til dei private barnehagane vert bokført.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak på dette punktet vil vere:

Meland kommune gjev ikkje medhald i klagen.

**Vedr. punkt 3: Flyktningemidler**

Bokført kr 110.161,- på funksjon 201 – art 16905.

Beløpet gjeld støttemidlar til tiltak til born med flyktningebakgrunn og særskilte behov. Inntekt er ført som motpost til kommunen sine lønsutgifter til dei aktuelle tiltaka. Meland kommune legg til grunn same rekneskapsprinsipp som i punkt 2 over.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak på dette punktet vil vere:

Meland kommune gjev ikkje medhald i klagen.

#### **Vedr. punkt 4: Refusjon redusert foreldrebetaling og søskenmoderasjon**

Bokført kr 46.956,- på art 16906.

Rådmannern er enig i at disse inntektene ikkje skulle vore med i berekning av tilskotet, og vedlagte tilskotsberekning er justert for dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak på dette punktet vil vere:

Meland kommune gjev medhald i klagen, og har korrigert kostnadsgrunnlaget kommentert under punkt 1 tilsvarande.

#### **Vedr. punkt 5: Overføring fra andre**

Kr 56.258,69 av dette gjelder refusjon av kommunen sin ekstra lønskostnad til praksislærere i barnehagen for elevar ved NLA-høgskulen. Kr 5.000 er intern arbeidsmiljøpris utdelt i Meland kommune til Marihøna Barnehage. Den interne miljøpris-inntekten er teke ut i vedlagt tilskotsberekning, då rådmannen er enig i at den ikkje skulle vore med i berekninga.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak på dette punktet vil vere:

Meland kommune gjev delvis medhald i klagen, og har auka kostnadsgrunnlaget med kr 5.000,-. Summen er inkludert i vedlegga kommentert i punkt 1.

#### **Vedr. punkt 6: Bruk av bundne fond**

Kr 13.934 i bruk av fond gjelder avstemming av matpenge-rekneskapen som vert ført som sjølvkost. Rådmannen er enig i at desse inntektene ikkje skulle vore med i berekning av tilskotet. Vedlagte tilskotsberekning er justert for dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak på dette punktet vil vere:

Meland kommune gjev medhald i klagen, og har auka kostnadsgrunnlaget kommentert under punkt 1 tilsvarande.

#### **Oppsummering og konklusjon av endringar som rådmannen vil gjere framlegg om som følgje av klagen:**

Følgjande inntektspostar vert teke ut av berekningsgrunnlaget for tilskot:

- Refusjon redusert foreldrebetaling kr 46.956,-
- Arbeidsmiljøpris kr 5.000,-
- Bruk av bundne fond kr 13.934,-.

**Sum kr 65.890,-.**

Korreksjonen vil innebære at satsane for driftstilskot for 2019 til ordinære barnehagar vert auka med kr 2.548,- for små barn og kr 1.416,- for store barn, oppsummert slik:

<b>Satser korrigerert:</b>			2019:	2018:	Auke:	Auke %:
<b>Små barn:</b>			<b>187 993</b>	<b>175 180</b>	12 813	7,3 %
<b>Store barn:</b>			<b>88 272</b>	<b>81 644</b>	6 628	8,1 %
<b>Satser tidlegare vedtak for 2019:</b>			2019:		Auke:	Auke %:
<b>Små barn:</b>			<b>185 445</b>		2 548	1,4 %
<b>Store barn:</b>			<b>86 856</b>		1 416	1,6 %

**Framlegg til korrigererte satsar i ny politiske behandling av driftstilskot 2019 til ordinære barnehagar i Meland kommune vert dermed:**

Sats for små born: 187 993 kroner

Sats for store born: 88 272 kroner

Med helsing

Per Inge Olsen  
økonomisjef

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Bereknning tilskotssatsar 2019 basert på rekneskap 2017 - korrigerert

Meland kommune rekneskap funksj 201+221 - 2017

**Mottakere:**

Pbl (private Barnehagers  
Landsforbund)

Prinsens gate 91 8003

BODØ